

Til Andreas

på brudlaupsdagen, den - - - -  
Tone: Å, tenk på Gud i ungdomsår.

1.

Kvar ungdom ber ein draum i barm,  
og vert av draumen glad og varm,  
ja, sjölv i tunge stunder.  
Han ser eit fagert alveland  
der mann og kvinna, hand i hand,  
opplever livsens under.

2.

Ein heim, er ynskjemålet vårt.  
Og sjæl og likam stundar sårt  
mot samlive ro og hyggje.  
Som elv mot os me skundar fram  
imot vårt draumetun og tram :  
Vår eigen heim å byggje !

3.

Eit par, ved heimens inngongsport,  
det er eit Herrens under stort,  
om kjærleik råder grunnen.  
Når hjarto slær i einskaps takt,  
og baa står med Gud i pakt  
er veg til Eden funnen.

4.

Om mangt i livet enn slo klikk,  
dei nådde då sitt Breidablikk  
-det gyllne högfjellsriset -.  
De vann og Dykkar Glitretind,  
og ser frå Feginbrekka inn  
i draumeparadisiet.

5.

Når Du - vår son - frå heimen dreg,  
di mor og far vil ynskja Deg  
den beste framtidsgåva :  
Gjev Du må få det godt med Gud  
og med ho di brud  
i Dykkar nye stova !

6.

Må englar slå om heimen ring !  
Må De av Nådens Kjeldespring  
få drikka sjælestyrke !  
Til Herren må De dagleg fly !  
Han gjere Dykkar kjærleik ny,  
og kraft til liv og yrke !

7.

Hav takk Andreas - guten vår -,  
for samvær i dei farne år,  
i vesle barnereiret !  
I kva som måtte koma på  
skal barndomsheimen open stå  
til møtestunder fleire.

Mor og Far.